



Joar Hoel Larsen under føredragskroa laurdag.

Det siste halve året har namnet Donald Trump vore nemnd i norsk presse 58000 gongar. Til samanlikning var den norske statsministeren, Erna Solberg, nemnd 22000 gongar. Den nyvalde amerikanske presidenten, Donald Trump, har skapt overskrifter, sjokk, frykt og ekstrem medieinteresse dei siste seks månadane. Kvifor?

Dette spørsmålet skulle Joar Hoel Larsen frå utanriksredaksjonen i NRK prøve å svare på. Han har jobba i NRK sidan 1977 og var mellom anna korrespondent i USA frå 2004 til 2007.

Hoel Larsen starta med ei drøfting rundt slagordet 'America first' som Trump tok systematisk opp att og opp att gjennom heile valkampen. Mange av USA sine innbyggjarar slekter i utgangspunktet frå Europa. Dei reiste frå Europa i misnøye og bygde opp eit Amerika som vart isolasjonistisk og meinte at Europa kunne greie seg sjølve. Han tok fram USA sitt inntog i dei to verdskrigane som døme. Første verdskrig starta 1914, og USA meinte lenge at europearane måtte kunne klare seg sjølve. Difor kom dei ikkje med før i 1917. USA heldt seg også utanføre 2. verdskrigen, - heilt til japanarane bomba Pearl Harbour 7. des. 1941. Det fann dei seg ikkje i. Rundt 1940 var det ei rørsle i USA som kalla seg 'America first', ei rørsle som berre engasjerte seg i saker som gav føremøner til USA. Dette slagordet gjorde Donald Trump til sitt.

Både i valkampen og det siste halve året har Trump gått ut med mange løfte til det amerikanske folk, - med mur mot Mexico og innreiseforbod frå fleire muslimdominerte land som døme. Muren er det førebels ingen som vil betale for og innreiseforbodet har han heller ikkje fått gjennomslag for, slik han hadde tenkt. Hoel Larsen nemnde

i den samanheng at ingen terroristar som er tekne i USA, er komne frå nokon av desse 6-7 landa som han vil nekte all innreise frå.



Joar Hoel Larsen.

Hoel Larsen hevda at amerikanske veljarar ikkje har greie på politikk, - ikkje på innanrikspolitikk, og i alle fall ikkje på utanrikspolitikk. Nyhendekanalane som avisa 'New York Times' og TV-kanalen CNN er utroleg lite lest og sett. (Han sa at 1 million såg CNN kvar dag). Donald Trump er ein sint mann, og han får mange amerikanarar til å tru på seg når han snakkar om å 'stansen dei svina frå dei muslimske landa'. Han gjer mange trygge med sånne uttalar, og folk kan sei om han: Trump kan ljuge så det renn av han, men han er vår løgnar.

Trump er annleis. Han 'twitrar' meldingar om alt og alle og nyttar dei formelle styringskanalar så lite som

mogeleg. Om tilsette seier ting han ikkje liker, så sparkar han dei, og kjem det fram ting som ikkje er til hans beste, nektar han å tru dei og lagar 'alternative nyhende' som høver han. Politikarar i Kongressen seier: Å vere folkevald i Kongressen no er vanskeleg, men å vere folkevald republikanar i Kongressen er eit helvete. Vi har ein president som har republikansk fleirtal, men som er vald for ikkje å følgje spelereglane, og som har så mange kontroversielle utspel, at det ofte er svært krevjande for oss å støtte han. Vår moral og integritet er truga.

Trump er van med å gjere alt som han vil, og han prøver å styre Amerika som sin butikk. Han treng lojale medarbeidarar, og familien kan vere nyttig. I ei spørjeundersøking seier 20 % av dei spurde at dei synest det er 'lurt' av Trump å bruke egne familiefolk i administrasjonen.

Etter 6 månader har veldig mange forstått, og kanskje Trump også, at det er stor skilnad på å styre ei stormakt og ei verksemd.

Mange er engstelege for konsekvensane av politikken hans. President Donald Trump har 'røska opp i' mange fastlåste rutinar i Washington, og det kan vere bra, men han har også skapt stor uro, og ei kjensle av at 'alt kan skje', med sin uførutseielege politikk. Det er ikkje bra.

Men Joar Hoel Larsen var bra.

Tekst og foto: Vidar Haugland
Nett: Thor Inge Døssland